

Kva er gjort ved oppvekstsenteret?

01.09.2008



Kva er gjort ved oppvekstsenteret? Det vil Miljøretta helsevern veta. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kommuneoverlege Oddvar Larsen og ingeniør Knut Evjen (Miljøretta helsevern) har no bedt rektor Vidar Haugland om ein skriftleg tilbakemelding om kva tiltak som er gjort for å utbetra forholda ved Uskedalen oppvekstsenter.

Denne tilbakemeldinga skal dei ha før 3. oktober.

Larsen og Evjen viser til at oppvekstsenteret er godkjent på vilkår av kommuneoverlegen i mars i år. Vilkår for godkjenninga var at manglar som vart avdekka under deira inspeksjon i september 2007 skulle vera utbetra innan 18. august 2008.

Det skal også vera branntilsyn ved oppvekstsenteret. Det skal haldast måndag 15. september.

Av Ola Matti Mathisen